

Vårhelsing Rogaland Sau og Geit , 2018.



Sjølv om det ifølge kalenderen skal vere vår nå....så minner det meir om vinter mange stader i fylket ...men la oss håpe at kulden snart slepp taket og våren kjem. Nokre har så smått begynt å få lam, og den travle men også fine tida har starta.

Årsmøtet til RSG vart halde på Scandic Forus 23-24 februar med Finnøy Sau og Geit som vertskap, mange lokallag møtte oppveldig bra. Torill Undheim gjekk ut av styret og Kjell Åge Torsen kom inn som fast styremedlem, og Tor Gaute Eikeland som 1 vara .

NSG sitt årsmøte blei halde på Gardemoen 14 -15mars, årets superverver i NSG er Hanne-Elise Lindal ho var med oss på årsmøtet og blei hedra under middagen. Me GRATULERER 😊

Det har vert regionsmøter rundt i regionane med ganske godt oppmøte . Desse møta ser me på som viktige for lokallaga, der dei får komme saman og diskutere .

Fotråte saken går sin gang ...der det vert ny runde med snuing etter lamminga for dei som skal til fjells. Viktig å tenke smittevern !!! håper at det ikkje vert nye tilfeller med fotråte i år.

Rogaland Sau og Geit sett fokus på dyrevelferd, og vil minne om at sjølv om det er ei veldig travel tid så er det viktig å halde god fokus på dyrevelferd.

Me vil med dette ønske alle lykke til med lamminga, og håper på ein fin vår og god sommar 😊 God Påske

Helsing styreti Sau og Geit

